

DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA

Tlf: 468 40 719

www.aukrakyrkje.no

kyrkjekontoret@aukra.kommune.no

Org.nr.: 976 997 654

Innkalling til møte

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)

Møtedato: Torsdag 20. februar 2025

Møtetid: Kl. 18.00 – 20.25

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Innkalla medlemmar i sokne- og fellesrådet: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Per Arne Rindarøy, Anne Berit Oterhals Skrede, Rune Vågøy, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Kristian Finn Risung og Berit Cesilie Huse (10).

Kopi til varamedlemmar: Gunnar Kolflåth, Knut Oterhals, Odd Jørgen Nilssen og Grethe Lystad Johnsen.

Forfall meldast til tlf. 951 85 921 eller e-post max.mork@aukra.kommune.no.

Varamedlemmar får innkallinga til orientering, men treng berre å møte ved nærare innkalling.

Opning v/Erlend

SAKLISTE

Sak 09/25 Godkjenning av:

A. Innkalling

B. Sakliste

C. Referat frå møte 23.01.2024

Sak 10/25 Førebuing av fasteaksjonen 06.04.25 (SR-sak)

Sak 11/24 Endeleg gudstenestepplan og offerliste for 2025 (SR-sak)

Sak 12/25 Jubileumsveka - Førebuingar som involverer soknerådet (SR-sak)

Sak 13/25 Introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje (SFR-sak)

Sak 14/25 Søknad om permisjon frå SFR (SFR-sak)

Sak 15/25 Deltaking på Aukradagen 14.06.2025 (SR-sak)

Sak 16/25 Referat- og orienteringssaker (SFR-sak)

Sak 16/25-1 Referat frå AU-møte 06.02.2025

Sak 16/25-2 Tilskot frå Kirkebevaringsfondet til Aukra kyrkje

Sak 16/25-3 Streaming av gudstenester til Omsorgssenteret

Sak 17/25 Eventuelt

Aukra 13.02.2025


Erlend Melby (s)

Leiar

Max Ingar Mørk

Årshjul og møteplan for Aukra sokne- og fellesråd 2025

2025	Møte i AU	Møte i SFR	Hendingar som kan involvere SFR	Aktuelle saker til møte i SFR
Jan.	09.01	23.01		Førebu basar Førebu feitetysdag Førebu Gullkonfirmantsamling Budsjett for 2025
Febr.	06.02	20.02	28.02: Misjonsbasar	Førebu fasteaksjon
Mars	27.02	13.03	04.03: Feitetysdag Brannøving og førstehjelpskurs for tilsette og frivillige	Rekneskap for 2024 Førebu jubileumsveka Årsmelding for 2024
April	27.03	10.04	Sø 06.04: Fasteaksjon Sø 13.04 – Må 21.04: Påske Må 21. – Sø. 27.04: Jubileumsveke	
Mai	30.04	15.05	Laur 03.05 og 10.05: Konfirmasjonar	Førebu «bursdag» m/ky.kaffi pinsedag Førebu Aukradagen Førebu årsmøte
Juni	28.05	12.06	08.06 Pinsedag m/ky.kaffi & kake 14.06 Aukradagen 15.06 Gullkonfirmantane. Årsmøte?	Oppnemne komitear og ansvarsgrupper
Juli				
Aug.	07.08	21.08		Strategisamling og evaluering av arbeidsåret 2024/25. Førebu kyrkjelydstur til Bjørnsund
Sept.	04.09	18.09	14.09: Kyrkjelydstur til Bjørnsund (?)	Førebu hausttakkefest Forslag til budsjett 2026
Okt.	25.09	09.10	12.10 eller 26.10: Hausttakkefest	Førebu førjulsamkome Møte med tilsette
Nov.	23.10	06.11	02.11: Minnegudsteneste 04.11: Allehelgenskonsert (?) 28.11: Førjulsamkome	Førebu eldretreff og adventskonsert(ar) Val av leiar og nestleiar for 2026 Gudstenesteplan 2026
Des.	27.11	11.12	Sø 07.12: Adventskonsertar Andre julekonsertar 03.12 eller 10.12: Eldretreff 24.12 og 25.12: Julegudstenester	Offerliste 2026 Endeleg budsjett 2026



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: Aukra sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 23. januar 2025
Møtetid: Kl. 18.05 – 20.45
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte:

Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem, Hans Kristian Furnes, Anne Berit Oterhals Skrede, Edvin Magne Nybø, Janne Wie, Knut Oterhals og Kristian Finn Risung (8).

Forfall: Per Arne Rindarøy, Britt Karin Hagen Laastad, Rune Vågøy og Berit Cesilie Huse.

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Kari Margrete Fanghol

Opning v/Kristian som las ei betraktning frå boka Ledetråder av Knut Grønvik og Ulla Käll.

Sak 01/25 Godkjenning av:

A. Innkalling

Innkallinga blei godkjent utan merknadar.

B. Sakliste

Saklista blei godkjent utan merknadar.

I tillegg blei det meldt inn 4 saker under eventuelt.

C. Referat frå møte 12.12.2024

Referatet blei godkjent utan merknadar.

Sak 02/25 Førebuing av misjonsbasaren 28.02.25

Aukra sokneråd gjorde slikt

Vedtak:

Aukra Sokneråd vil bidra med følgjande til misjonsbasaren:

- Kjøkken: Janne, Eli Vengen
- Sal av kaker: Anne Berit
- Sal av pølser/ mineralvatn: Knut O.
- Kakebaking: Janne, Marta Kristin, Anne Berit, Kari

- Åresal: Hans Kristian, Edvin Magne, Janne, Berit Cesilie
- Tombola: 2 konfirmantar (Kristian spør)
- Erlend vil leie basaren og kan bidra med trekning og rydding.

Kari spør fleire, m.a. dei i soknerådet som ikkje var til stades og deltakarar på Onsdagskafeen, og lagar liste over kaker mv.

Basaren kunngjerast med plakatar og på Gossen-sida og Julsund-sida på Facebook. Kari og Max Ingar samarbeider om plakat.

Sak 03/24 Førebuing av feitetysdag 04.03.2025

Aukra sokneråd gjorde slikt

Vedtak:

Aukra Sokneråd vil bidra med følgjande til Feitetysdags-samlinga:

- Handle inn, grauten må bestillast på førehand: Kari
- Koke/ varme grauten: Edvin Magne, Anne Berit, Janne, Kari
- Dekke bord:
- Servere:
- Vaske opp og rydde lokala etterpå: Erlend

Kari spør eventuelt fleire.

Feitetysdag kunngjerast på tilsvarande måte som misjonsbasaren med plakatar og på Facebook.

Sak 04/25 Offerliste for 2025

Adminstrasjonen hadde sett opp forslag til offerliste i samsvar med tilrådinga frå Gudstenestevallet. I tillegg supplerte soknerådet gudsteneste- og offerlista med følgjande:

- Gudsteneste på Mevoldtunet 16.03.25 kl. 11.00 med offer til Laurdagsklubben i Julsundet
- Utandørs gudsteneste i Julsundet 07.09.25 i samarbeid med KRIK med offer til KRIK Julsundet. Marta avklarar med KRIK.
- I tillegg ei gudsteneste på Langneset på våren og ei på Mevoldtunet på hausten. Datoar og offer fastsettast seinare.
- Ikkje offer på konfirmantgudstenesta på Bjørnsund 14.09.25.
- Offer til jubileet på dei to jubileumsgudstenestene for Påskeliljemarka 21.04.25 kl. 17.00 og 27.04.25 kl. 11.00.

Etter dette gjorde soknerådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokneråd vedtek offerliste for 2025 i samsvar med vedlagte forslag og dei endringar som kom fram på møtet.

Ein tek sikte på å vedta endeleg gudsteneste- og offerliste for heile 2025 på neste møte.

Sak 05/25 Førebels budsjett for 2025

Fung. kyrkjeverje gjekk kort igjennom rammer, budsjettføresetnader og prioritering av større tiltak i budsjettforslaget og svarte på spørsmål. Det kom ikkje fram forslag til endringar av forslaget.

I samsvar med innstillinga gjorde SFR slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra sokne- og fellesråd vedtek førebels budsjett for 2025 som framlagt.

Budsjettet er sett opp med eit meirforbruk i forhold til rammene. Ein tek sikte på ny, endeleg behandling når rekneskapen for 2024 er avslutta og behovet for eventuell tilleggslyvingar er nærare avklara.

Sak 06/25 Utlysing av stillingane for kontor/organist/kyrkjemusikar og kateket/kyrkjelydspedagog/trusopplærar

Fellesrådet drøfta ulike synspunkt ang. utlysingstidspunkt, stillingsstorleikar og utlysingstekst. Leiar meinte det var viktig å kome i gang med prosessen før ny kyrkjeverje tiltre, og at stillingane bør lysast ut ein gong til i sin noverande form før ein eventuelt drøftar stillingsendringar med kommunen. Rådet slutta seg til dette.

Rådet drøfta og vedtok mindre endringar i utlysingstekstene, jf. vedlagte justerte tekstar.

Rådet ønska ei brei utlysing med kunngjering i Vårt Land, Romsdals Budstikke, Sunnmørsposten, Tidens Krav og Aukranytt, og på sosiale media. Ein bør også vende seg direkte til studiestadene, t.d. med plakatar. Søknadsfristen settast til månadsskiftet februar/mars (t.d. fredag 28.02.25).

Etter dette gjorde fellesrådet slikt samrøystes

Vedtak:

Aukra kyrkjelege fellesrådet vedtek å lyse ut 60 % kontorstilling og 40 % kyrkjelydspedagogstilling samtidig, med ein utlysingstekst som opnar for å søke kvar stilling for seg, eller ein kombinasjon av desse.

Utlysinga skjer elles etter dei føringane som fellesrådet gav på møtet.

Sak 07/25 Referat- og orienteringssaker

Sak 07/25-1 Referat frå AU-møte 09.01.2025

Referatet blei teke til vitande.

Sak 08/25

Eventuelt

Sak 08/25-1 Prestesituasjonen våren 2025

Kristian orienterte om at han har 50 % permisjon i Aukra ut veke 10. I veke 12-16 skal han vikariere i Domkyrkja. I veke 13-17 skal prestestudent Heidi Kristin Fagersand ha stiftspraksis i Aukra. Ho skal m.a. delta på møta i AU og SFR i april.

Sak 08/25-2 Drop in-bryllup på Valentinesdagen

Kristian hadde fått spørsmål frå domprosten om soknerådet ville arrangere drop in-bryllup i Aukra på Valentinsdagen 14. februar 2025. Etter å ha drøfta saka kom soknerådet fram til at programmet for våren er fullt og at fristen er for kort, men at ein er positiv til å legge det inn i årshjulet for 2026.

Sak 08/25-3 300-årsjubileet for Påskeliljemarka

Erlend orienterte. Jubileumskomiteen er godt i gang. Førebels er det planlagt gudsteneste både 21. og 27.04, Påskeliljemarsj, Kyrkjevandringar for skuleungdom på dagtid og ålmenta på kveldstid. Matsservering ved Integrering og Innvandring, Ungdomskveld på Kulturhuset, Konsert Krüger og Dagsland, foredrag på Løvikremma, utgi barnebok, jubileumskeramikk og utstillingar på Kulturhuset og Kyrkjelydshuset.

Sak 08/25-4 Reparasjon av orgelet i kyrkja

Kristian orienterte om at orgelreparatør Martin frå Frobenius er i gang med reparasjon og vedlikehald av orgelet i kyrkja. M.a. vil klaviaturet bli stramma opp, slik enkelte organistar har uttrykt ønske om. Seinare i vår vil ein intonatør frå Frobenius kome for å stemme orgelet.

Sak 08/25-5 Førstehjelpskurs våren 2025

Janne orienterte om at ho hadde vore i kontakt med ambulansesjåfør Kåre Sætervik om å halde førstehjelpskurs for tilsette og frivillige våren 2025. Dei vil kome tilbake til dato, men tek sikte på ein laurdag slik at heile kurset kan gjennomførast på ein dag.


Aukra 23.01.2025

Erlend Melby (s)

Leiar

Max Ingar Mørk

(sekr.)



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 10/25 Førebuing av fasteaksjonen 06.04.25

Fasteaksjonen på Gossen blir i år 6. april – søndag før palmesøndag. Som fungerande KN-kontakt blei Erlend i fjor ståande nesten aleine om gjennomføringa. Fleire må bidra i år!
Julsundkonfirmantane har eit eige opplegg saman med Vågøykonfirmantane 8. april.

Kari blir med og vonleg Rudolf Iversen, men det trengst fleire frå soknerådet.

Erlend skreiv ein detaljert rapport i fjor, som leggst til grunn for gjennomføringa i år. Det er 18 roder på Gossen og 20 konfirmantar som går to og to. For å dekke mest mogeleg må ein derfor prøve å få med vaksne til å gå. Det må vere ei bøsse pr. konfirmant/deltakar. Konfirmantforeldra utfordrast til å køyre.

Kari og Max Ingar gjennomgår det som finst av KN-materiell frå tidlegare og bestiller det som manglar, m.a. Gullbillettar. Det må kjøpast inn bollar og brus og kokast kakao. Rodekart finst frå i fjor.

Forslag til vedtak:

Følgjande personar frå soknerådet vil vere med på gjennomføringa av fasteaksjonen 06.04.2025:

- 1.
- 2.
- 3.



SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 11/24 Endeleg gudstenesteplan og offerliste for 2025

Førebels gudstenesteplan og offerliste for 2025 blei vedteke av soknerådet i sak 91/24 og 04/25. Da mangla eit par av gudstenestene i Julsundet.

Marta avklarar med Hans Kristian Maridal i KRIK Julsundet om dato for ei utegudsteneste på hausten. AU føreslår at den blir 07.09, men datoen kan justerast i samråd med KRIK. Vidare har AU føreslege utegudsteneste på Langneset 22.06 og på Mevoldtunet 19.10. Soknerådet må vedta offerføremål på desse. I høve til 2024 manglar desse føremåla offer i Julsundet: Misjonsprosjektet, Bibelselskapet, Prosjekt gatebarn i Kenya og Stefanusalliansen

Soknet sitt program for Julsundet i 2025 blir da slik:

Dato	Gudsteneste/arr.	Stad og tid	Offer
Sø. 16.03.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	Laurdagsklubben Julsundet
Sø. 22.06.25	Gudsteneste	Langneset kl. 11.00	- Ikkje fastsett -
Sø. 07.09.25	Gudsteneste	Julsundet ute kl. 11.00	KRIK Julsundet
Sø. 19.10.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	- Ikkje fastsett -
Sø. 07.12.25	Julekonsert	Julsundet skole kl. 15.00	Misjonsprosjektet
On. 24.12.25	Julaftansgudsteneste	Julsundet skole kl. 13.00	Kirkens Nødhjelp


Vedr. gudstenesteplanen opplyste Kristian at han ønskjer å delta på Nordisk kirkesangfest på Island i Kr. himmelfartshelga. Dette kolliderer med gudstenesta på Orten Kr. Himmelfartsdag, og Kristian spurte om det var mogeleg å flytte denne.

AU meinte tradisjonen med gudsteneste Kr. Himmelfartsdag på Orten var viktig å halde fast på, og oppmoda Kristian til å prøve å finne ein vikar. AU vil i så fall tilrå at soknerådet betalar for vikaren.

Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd fastset gudstenesteprogram for Julsundet 2025 i samsvar med forslaget i saka.
Offerføremål: 22.06.25: 19.10.25:

Fellessrådet vil betale for vikarprest på Orten Kristi himmelfartsdag dersom soknepresten kan skaffe vikar.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 12/25 Jubileumsveka - Førebuingar som involverer soknerådet

Programmet for jubileumsveka 21. – 27.04.25 tek til å bli klart.


Det er avklara at biskopen og ordføraren deltek på opningsgudstenesta 21.04.25, og at domprosten og ordføraren deltek på avslutningsgudstenesta 27.04.25. Robert Coates spelar på begge.

Per Arne vil presentere programmet på soknerådsmøtet 20.02.25 og gjere greie for kva soknerådet kan bidra med.

Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd tek orienteringa om jubileumsprogrammet til vitande og vil bidra på følgjande måte:

.....



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 13/25 Introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje


Vedlagt følgjer ei skisse til introduksjonsprogram for den nye kyrkjevevja som startar 24.02.25. Skissa omfattar dei første fem vekene, dvs. ut mars månad. Det er mykje å sette seg inn i, og det er sett opp ulike tema for kvar dag, i vonleg overkommelege dosar. Ein må likevel vere budd på å gjere tilpassingar undervegs; t.d. ved å utsette nokre tema til seinare. Programmet kan likevel fungere som ei hugseliste over ting ein før eller seinare vil kome borti og må takle som kyrkjevevje.

Ein vil oppmode SFR til å kome med innspel til programmet.

Forslag til vedtak:

Aukra SFR vil kome med følgjande innspel til introduksjonsprogrammet for ny kyrkjevevje i Aukra:

.....



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skisse til

Introprogram for ny kyrkjeverje i Aukra februar/mars 2025

Dag	Introprogram	Aktivitetar i kyrkjelyden
Må 24.02.2025	09.00 Velkommen! Generell orientering, forventningar, tankar og planar. <i>Erlend</i> og <i>KMF</i> Utfylling av personalskjema. Melding til ROR-IKT om e-post og tilgang til digitalte tenester frå ROR. Melding til Br.sundregistret om ny dagl. leiar. <i>KMF</i>	19.00 Korøving GGV på KLH
Ty 25.02.2025	09.00 <u>Rutinar ifm. gudstenester</u> : Skaffe frivillige og vikarar, info til frivillige og stab, kunngjering i RB og på plakatar og Facebook. <i>KMF</i> <u>Heimeside, plakatar</u> : Innføring i programma Jigsy og Canva. Rutiner for kunngjering på Facebook-sider og <i>Det skjer</i> på RB-nett. <i>MIM</i>	
On 26.02.2025	09.00 – 09.30 Kyrkerådet sitt allmøte for februar. 09.30 Teamsmøte om samarbeidsprosjekt mellom f.råda i Romsdal; jf. invitasjon frå H. J. Nes, Molde 11.00 <u>Daglege rutinar</u> : Post, e-post, felleskalender, arkiv, skjema, kopiering, kaffe/kjeks, nøkkeladm., tenestetelefon. Rutinar og skjema ved dåp, vigsel og gravferd. Kontakt med gravferdsbyrå. Rutinar for innkjøp; kor vi har konto/avtale. Fakturering; frå Conta til Visma. Melding om streaming til TONO. Rutinar for dagleg kontakt med stab og stabsmøte. Utleige og oppfølging av KLH. <i>KMF</i>	11.30 Onsdagskafé på KLH
To 27.02.2025	10.00 – 12.00 Møte med KLP i Kirkestua i Domkyrkja om pensjonsordningar 14.00 Møte mellom domprost og kyrkjeverjer 18.05 Møte i AU. AU + AMS, <i>KMF</i> , <i>MIM</i>	15.00 Konf.undervisning på KLH 18.00 Barnegospel på KLH
Fr 28.02.2025	11.00 Stabsmøte på KLH. <i>KMF</i> leier	18.00 Misjonsbasar på KLH
Lau 01.03.2025		
Søn 02.03.2025		11.00 Gudsteneste i kyrkja 12.00 Utleige dåpsselsk. på KLH 18.00 Katolsk messe i kyrkja

Dag	Introprogram	Aktivitetar i kyrkjelyden
Må 03.03.2025	09.00 Møte med kyrkjevevja i Molde på KLH	19.00 Korøving GGV på KLH
Ty 04.03.2025	<u>Kontor- og arkivprogram: Opplæring i LabOra (Teams) KMF, MIM</u> Personal: Personalarkiv, arbeidsinstruksar, personalreglement. Delegasjonsreglement. Timelister og skjema til kommunen. KMF, MIM	15.00 Feitetysdag på KLH
On 05.03.2025	<u>Samarbeid/rutinar i høve til frivillige arb.grupper:</u> Babysong, GGV, onsdagskafé, minnesamvære, misjonsprosjektet, kyrkjebladet, filmgruppa, Husflidslaget. Kari	11.30 Onsdagskafé på KLH 19.00 Oskeons.gudst. i kyrkja
To 06.03.2025	<u>Økonomi:</u> Opplæring i Visma. Timelister, rekningar, attestasjon og tilvising. Ofringar. KMF Budsjett og rekneskap. Bankkonti. Gravfond. MIM	
Fr 07.03.2025	11.00 Stabsmøte på KLH. AMS leier	
Lau 08.03.2025		
Sø 09.03.2025		
Må 10.03.2025	09.00 – 13.00 Hospitering/møte hos kyrkjevevja i Molde. Hans Jakob m/stab	19.00 Korøving GGV på KLH
Ty 11.03.2025	<u>Sekretæroppgåver</u> for SFR og AU. Møteinnkalling, referat, saksdokument, arkivering. Årsmelding og årsmøte. Komitéar og ansvarsgrupper under soknerådet. KMF og MIM <u>Rapporteringsar:</u> Til NAV, SSB, Kyrkjerådet og bd.ktr. KMF og MIM	
On 12.03.2025	<u>Møte med kommunen: Kommunedirektør, personal- og øk.kontoret. Erlend, KMF, MIM</u>	11.30 Onsdagskafé på KLH
To 13.03.2025	<u>Rekruttering:</u> Rutinar for stillingsutlysing og tilsetting (Aktuelt: Tilsetting av kontor og kyrkjelydspedagog) 18.05 Møte i Aukra SFR. SFR + AMS, KMF, MIM	18.00 Barnegospel med besøkskaffe på KLH
Fr 14.03.2025	11.00 Stabsmøte på KLH. AMS leier	
Lau 15.03.2025		
Sø 16.03.2025		11.00 Gudsteneste Mevoldtunet
Må 17.03.2025	10.00 Grunnkurs for kirkeverger på Thon Hotel Arena, Lillestrøm. Vårsamling 17.-19.03.25	19.00 Korøving GGV på KLH
Ty 18.03.2025		
On 19.03.2025		11.30 Onsdagskafé på KLH
To 20.03.2025	<u>Møte med sokneprest</u> om tilhøvet prest – kyrkjevevje – prinsipielt og praktisk. Kristian	
Fr 21.03.2025	11.00 Stabsmøte på KLH. AMS leier	
Lau 22.03.2025		
Sø 23.03.2025	Presentasjon av ny kyrkjevevje i gudstenesta. Opplesing av biskopens tenestebrev Erlend og AMS	11.00 Gudsteneste i kyrkja 12.00 Utleige dåpsselsk. på KLH

Dag	Introprogram	Aktivitetar i kyrkjelyden
Må 24.03.2025	Digitale tilbud frå Kyrkerådet: Medlemsregister og andre register, e-post@kirken.no, ANSORG, Ressursbanken, Kirka vår. <i>MIM</i>	19.00 Korøving GGV på KLH
Ty 25.03.2025	<u>Bygg- og eigedomsforvaltning</u> : Bli kjent med kyrkja, kyrkjestova og KLH. Tekniske anlegg. Brannvern. HMS. <i>Britt Karin, Geir Ove, MIM</i> Aktuelle prosjekt. Godkjenning av tiltak på kyrkje og kyrkjegard. Opplæring i KA-programmet Ordnet eiendom. <i>MIM</i>	
On 26.03.2025	09.00 – 09.30 Kyrkerådet sitt allmøte for mars. <u>Kyrkjegardsforvaltning</u> : Driftsrutinar. <i>Geir Ove</i> Opplæring i Ecclesia. Festeavgifter. Kyrkjegardsvedtekter. Krigsgraver. Minnelund. <i>Nils og Anne Berit</i>	11.30 Onsdagskafé på KLH
To 27.03.2025	<u>Bank</u> : Ordne tilgang til soknet sine konti. Besøke rekneskapsfører Lill Tove i Hustadvika	
Fr 28.03.2025	11.00 Stabsmøte på KLH. AMS leier	
Lau 29.03.2025		
Sø 30.03.2025		

Seinare	Introprogram	Aktivitetar i kyrkjelyden
On 26.03.25 – To 27.06.25	10.00 SOL-konferansen (Sammen Om å Lede) for kyrkjevevjer og prostar på Alexandra hotell, Molde	
Må 21.04.25 - sø 27.04.25	Jubileumsveke	Jubileumsveke Sjå eige program
April/mai	<u>Hospitering hos kyrkjevevja i Molde.</u> Etter avtale	
April/mai	<u>Møte med kyrkjevevja i Molde på KLH.</u> Etter avtale	
Må 22.09.25 - on 24.09.25	Grunnkurs for kirkevevger på Thon Hotel Arena, Lillestrøm. Haustsamling.	

Forkortingar:

SFR = Sokne- og fellesrådet

KLH = Kyrkjelydshuset


AMS = Anne Marie Sødal

KMF = Kari Margrete Fanghol

MIM = Max Ingar Mørk

Datoar og oppgåver må tilpassast etter kvart.

Eksterne arrangement og møte med eksterne aktørar er markert med blå skrift.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING


Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 14/25 Søknad om permisjon frå SFR

Britt Karin Hagen Laastad har søkt om permisjon frå SFR i perioden 04.02. – 04.08.2025 av helsemessige årsaker. Fung. kyrkjevevje Kari Fanghol har hatt samtalar med ho og stadfestar at det er gyldig fritaksgrunn. AU har slutta seg til dette og tilrår at permisjon blir gitt.

Forslag til vedtak:

Aukra SFR innvilgar søknaden frå Britt Karin Hagen Laastad om permisjon i perioden 04.02. – 04.08.2025.



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellestråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 15/25 Deltaking på Aukradagen 14.06.2025

Aukradagen blir i år arrangert for 15. gong, og datoen er laurdag 14. juni 2025. AU tilrår at soknet deltek med eigen stand på torget. Nærare program og innhald planleggast seinare.

Forslag til vedtak:

Aukra sokneråd vedtek å delta på Aukradagen 2025 med eigen stand. Nærare program og innhald planleggast seinare.

Aukradagen 15 ÅR

Påmeldinga er endeleg open og vi håpar du vert med på feiringa!

Vi lovar eit tettpakka program på utescena, den største marknadsplassen, gratis frukost, nye og spennande aktivitetar for dei minste og mykje meir. Konferansier Rune Nilson vil lose oss gjennom dagen med mykje dialektumor og anna moro!

Sidan årets tema er bursdagsfeiring, oppfordrar vi alle med stand til å la seg inspirere av temaet og kanskje de kan vinne prisen for årets stand?

Vennelaget - Aukra kulturhus inviterer til kveldskonsert på utescena med tributebandet «Cover me» som spelar musikk inspirert av Bruce Springsteen på utescena. Der får du òg høyre «Nerli There» og det nystarta lokale bandet «Tetra». Det vert 15-års aldersgrense og billettsalet opnar snart.



Meld deg på med stand eller bidrag på utescena seinast 25. mai, følg lenka:
[Trykk her for å komme til påmeldingsskjema på nettstaden til Aukra kommune](#)

Følg med i sosiale media for meir informasjon om Aukradagen



Aukradagen



Aukradagen



vennelaget





DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 16/25 Referat- og orienteringssaker

Sak 16/25-1 Referat frå AU-møte 09.01.2025

Vedlagt: Møtereferat

Sak 16/25-2 Tilskot frå Kirkebevaringsfondet til Aukra kyrkje

Vedlagt: Melding om vedtak frå Kirkebevaringsfondet

Sak 16/25-2 Strøyming av gudstenester til Omsorgssenteret

Vedlagt: Oppslag til Omsorgssenteret med orientering om ordninga og oversyn over strøyma gudstenester t.o.m. sommaren 2025



DEN NORSKE KYRKJA

Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A
6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
www.aukrakyrkje.no
Org.nr.: 976 997 654

MØTEREFERAT

Utval: AU i Aukra SFR

Møtedato: 6. februar 2025

Møtetid: 18.05 – 20.25

Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Desse møtte: Erlend Melby, Marta Kristin Eidskrem og Kristian Finn Risung

Sekretær: Max Ingar Mørk

Elles møtte: Kari Margrete Fanghol

Møtet blei leia av Erlend Melby

Desse sakene blei behandla:

AU-sak 9/25 Evt. utsetting av utlysning av stillingar pga. grenseendring for Aukra kommune

Torsdag 30.01.25 kunngjorde kommunalministeren at Ona og Sandøy ville bli overført til Aukra kommune. AU drøfta derfor om ein burde vente med å lyse ut stillingane som kontor og trusopplærar for å undersøke om det kunne vere grunnlag for å auke stillingsprosentane. Dette har særleg vore ønska for kontorstillinga for å gjere ho meir attraktiv.

Leiar meinte det var viktig å sikre arbeidstilhøva for dei tilsette, og at ein derfor burde unngå vidare utsetting. Ei auke til t.d. 80 % vil kan hende gjere stillinga meir attraktiv, men det vil også forseinke prosessen med minst eit halvår. Dersom vi lyser ut 60 % stilling no, men ikkje får kvalifiserte søkarar, vil det vere lettare å gå til kommunen og be om meir stilling seinare. Men vi bør først gjere eit nytt forsøk med 60 %.

Etter ein lengre debatt slutta AU seg til dette.

AU-sak 10/25 Førebu fasteaksjonen

Fasteaksjonen på Gossen blir i år 6. april – søndag før palmesøndag. Som fungerande KN-kontakt blei Erlend i fjor ståande nesten aleine om gjennomføringa. Fleire må bidra i år! Julsundkonfirmantane har eit eige opplegg saman med Vågøykonfirmantane 8. april.

Kari blir med og vonleg Rudolf Iversen. Gjerne også fleire frå soknerådet.

Erlend skreiv ein detaljert rapport i fjor, som leggst til grunn for gjennomføringa i år. Det er 18 roder på Gossen og 20 konfirmantar som går to og to. For å dekke mest mogeleg må ein derfor prøve å få med vaksne til å gå. Det må vere ei bøsse pr. konfirmant/deltakar. Konfirmantforeldra utfordrast til å køyre.

Kari og Max Ingar gjennomgår det som finst av KN-materiell frå tidlegare og bestiller det som manglar, m.a. Gullbilletter. Det må kjøpast inn bollar og brus og kokast kakao. Rodekart finst frå i fjor.

AU-sak 11/25 Endeleg gudstenesteplan og offerliste for 2025

Førebels gudstenesteplan og offerliste for 2025 blei vedteke av soknerådet i sak 91/24 og 04/25. Da mangla eit par av gudstenestene i Julsundet.

Marta hadde snakka med Hans Kristian Maridal i KRIK Julsundet, men hadde førebels ikkje fått svar. AU set likevel opp ei utegudsteneste der 07.09, og justerer eventuelt seinare. Vidare vert det sett opp utegudsteneste på Langneset 22.06 og på Mevoldtunet 19.10. Soknerådet må vedta offerføremål på desse. I høve til 2024 manglar desse føremåla offer i Julsundet: Misjonsprosjektet, Bibelselskapet, Prosjekt gatebarn i Kenya og Stefanusalliansen

Soknet sitt program for Julsundet i 2025 blir da slik:

Dato	Gudsteneste/arr.	Stad og tid	Offer
Sø. 16.03.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	Laurdagsklubben Julsundet
Sø. 22.06.25	Gudsteneste	Langneset kl. 11.00	- Ikkje fastsett -
Sø. 07.09.25	Gudsteneste	Julsundet ute kl. 11.00	KRIK Julsundet
Sø. 19.10.25	Gudsteneste	Mevoldtunet kl. 11.00	- Ikkje fastsett -
Sø. 07.12.25	Julekonsert	Julsundet skole kl. 15.00	Misjonsprosjektet
On. 24.12.25	Julaftansgudsteneste	Julsundet skole kl. 13.00	Kirkens Nødhjelp

Vedr. gudstenesteplanen opplyste Kristian at han ønskjer å delta på Nordisk kirkesangfest på Island i Kr. himmelfartshelga. Dette kolliderer med gudstenesta på Orten Kr. Himmelfartsdag, og Kristian spurte om det var mogeleg å flytte denne.

AU meinte tradisjonen med gudsteneste Kr. Himmelfartsdag på Orten var viktig å halde fast på, og oppmoda Kristian til å prøve å finne ein vikar. AU vil i så fall tilrå at soknerådet betalar for vikaren.

AU-sak 12/25 Jubileumsveka - Førebuingar som involverer soknerådet

Det er avklara at biskopen og ordføraren deltek på opningsgudstenesta 21.04.25, og at domprosten og ordføraren deltek på avslutningsgudstenesta 27.04.25. Robert Coates spelar på begge.

Per Arne vil sende over programmet etter jubileumskomiteen sitt møte onsdag 12.02.25 slik at det kan sendast ut saman med møtepapira til soknerådsmøtet 20.02.25. Han kjem sjølv og orienterer om programmet på soknerådsmøtet.

AU-sak 13/25 Introduksjonsprogram for ny kyrkjevevje

AU ønskjer at det blir sett opp ein kalender for den første månaden, med m.a. følgjande moment:

- Oppstart 24.02.25 kl. 09.00. Erlend har sett av dagen.
- Møte mellom domprosten og kyrkjevevjene i prostiet to. 27.02.25 kl. 14.00
- SOL-konferansen 26.–27.03.25 mellom Møre kyrkjevevjelag og leiargruppa på bd.ktr.
- KAs Grunnkurs for kirkevevger 17.-19.03.25 og 22.-24.09.25
- Fadderopplegg med kyrkjevevja i Molde

AU-sak 14/25 Søknad om permisjon frå SFR

Britt Karin Hagen Laastad har søkt om permisjon frå SFR 04.02.-04.08.25 av helsemessige årsaker. Kari har hatt samtalar med ho og stadfestar at det er gyldig fritaksgrunn. AU sluttar seg til dette.

AU-sak 15/25 Deltaking på Aukradagen laurdag 14. juni 2025

AU går inn for at kyrkjelyden deltek med stand på Aukradagen 2025.

Aukra 06.02.2025

Erlend Melby
Leiar (s)

Max Ingar Mørk
Sekr.

VS: Nord-Aukra kyrkje - Kyrkjebevaringsfondet - Vedtak



Aukra - Kyrkjekontor Aukra

Til Mørk, Max Ingar; erlend; Marta Kristin Eidskrem; Risung, Kristian Finn

Fra: Skre, Aleksander <Aleksander.Skre@ra.no>

Sendt: 4. februar 2025 08:00

Til: Aukra - Kyrkjekontor Aukra <kyrkjekontoret@aukra.kommune.no>

Emne: Nord-Aukra kyrkje - Kyrkjebevaringsfondet - Vedtak

Vedrørende søknad om tilskot til for hovudprosjekt på Nord-Aukra kyrkje

Kirkebevaringsfondet ønskjer å informera om at det er gjort følgjande vedtak i saka:

Vedtak om tilskot 2025:

Kr 370 000

Vedtak om tilsegn 2026:

Kr 370 000

Denne e-posten er ikkje eit vedtaksbrev. Vedtaket vil bli sendt i eit tildelingsbrev innan 18.02.2025.

Tildelingsbrevet inneheld informasjon om vedtaket inkludert vilkår for tildeling.

Med hilsen

Aleksander R. Dreyer Skre

Rådgiver
Kirkebevaringsfondet

+47 476 94 375

Overføring av gudstenestene i Aukra kyrkje til Omsorgssenteret

Det er nå klart for overføring (streaming) av gudstenestene i Aukra kyrkje til Omsorgssenteret. Første overføring blir søndag 16. februar 2025 kl. 11.00.

Sendingane blir viste på kanal 41 (siste kanalen) på TV-ane på senteret – og den heiter Streaming. Dag og tid for gudstenestene finn de i tabellen nedanfor.


Vi håper beteninga på senteret kan hjelpe dei bebuarane som ønskjer det med å slå på rett kanal og til rett tid.

Dersom de lurar på noko kan de ringe til den filmaren som gjer teneste den aktuelle dagen (sjå nedanfor): **Svein Løve** tlf. 934 31 840 eller **Edvin Magne Nybø** tlf. 997 46 708.

Dato	Kyrkjeårsdag	Stad og tid	Diverse	Filmar
16.02.25	Såmannssøndag	Aukra kyrkje 11	Utdeling av bibelbok til 11-åringar	Edvin M
02.03.25	Fastelavnssøndag	Aukra kyrkje 11		Svein
23.03.25	Maria bodskapsdag	Aukra kyrkje 11		Edvin M
06.04.25	4. sø i fastetida	Aukra kyrkje 11		Edvin M
17.04.25	Skjærtorsdag	Omsorgss. 17		
18.04.25	Langfredag	Aukra kyrkje 11		Svein
20.04.25	Påskedag	Aukra kyrkje 11		Svein
21.04.25	2. påskedag	Aukra kyrkje 17	Jubileumsgudst. Påskeliljemarka	Svein
27.04.25	2.sø i påsketida	Aukra kyrkje 11	Jubileumsgudst. Påskeliljemarka	Edvin M
03.05.25	Laurdag KONF	Aukra kyrkje 11		Edvin M
10.05.25	Laurdag KONF	Aukra kyrkje 11		Svein
11.05.25	4.sø i påsketida	Aukra kyrkje 11		Edvin M
17.05.25	Nasjonaldag	Aukra kyrkje 10		Edvin M
08.06.25	Pinsedag	Aukra kyrkje 11		Svein
15.06.25	Treeinings-søndag	Aukra kyrkje 11	Gullkonfirmantane	Edvin M
06.07.25	4. sø i treeiningst	Aukra kyrkje 11		Svein
20.07.25	Aposteldagen - 6sit	Aukra kyrkje 11		Edvin M
03.08.25	8. sø i treeiningst	Aukra kyrkje 11		Svein
17.08.25	10. sø i treein.t	Aukra kyrkje 11		Edvin M
31.08.25	12. sø i treein.t	Aukra kyrkje 11		Svein

Med vennleg helsing

Aukra kyrkjelyd



DEN NORSKE KYRKJA
Aukra sokne- og fellesråd

Skogvegen 1 A, 6480 AUKRA
Tlf: 468 40 719
www.aukrakyrkje.no
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no
Org.nr.: 976 997 654

SAKSUTGREIING

Utval: Aukra Sokne- og fellesråd (SFR)
Møtedato: Torsdag 20. februar 2025
Møtetid: 18.05
Møtestad: Møterommet på Kyrkjelydshuset

Sak 17/25 Eventuelt